



Vurdering for utvikling

Rapport



Veke 43, 25-27.10.2021

Tema:

Digital praksis i Gjelsvik barnehage

Stad og dato: Askvoll , 27.10.2021

*Torunn Åsnes
Vurderar*

*Siv Anita Helle Gudvangen
Vurderar*

Innhold

1. Føreord	2
2. Oppsummering	3
3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema	3
4. Frå vurdering til endring av praksis	4
5. Framtidsbilete	4
6. Vurderingar	6
Kvalitetsmål: Borna	6
Kvalitetsmål: Tilsette	8
Kvalitetsmål: Føresette	9
Kvalitetsmål: Barnehagen	11
7. Spørsmål til refleksjon	12
Deltakarar i vurderinga	13
Tidsbruk	13
Metodar	14

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

“Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut fra barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen”. (rammeplan 2017:s.38)

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye øye. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilet av kvaliteten i barnehagen/skulen, men skal vere eit bidrag til kva eininga må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen/skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

Oktober 2021

Gøril Fristad & Ida Fugle

Utviklingsleirarar for barnehage og skule

Oppvekst og utdanning i HAFS

Mobil: 92641210/ 95767177

E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no / fugleida@gmail.com

2. Oppsummering

Gjelsvik barnehage er i startgropa når det gjeld å utvikle sin digitale praksis, og har starta i det små med å nytte dei verktøya dei har tilgjengeleg saman med barna. Dei nyttar nettbrett, mobilkamera og digitale mikroskop saman med barna, og barna viser og fortel oss korleis dei brukar dei ulike verktøya. Barnehagen har noko tungvint utstyr, til dømes tek det tid når dei skal vise film, med å finne fram og rigge opp utstyret dei treng. Dei tilsette viser vilje og evne til å utvikle seg innanfor digital praksis. Barnehagen skal i gang med å utarbeide ein IKT-plan.

Barnehagen og føresette nyttar mange ulike kanalar for kommunikasjon. Vi trur at når tilsette og føresette vert tryggare i bruken av Visma flyt barnehage og dei ulike funksjonane i appen, vert dette den føretrekte kommunikasjonskanalen.

Gjelsvik barnehage skal no finne vegen vidare. Kva er målet og korleis skal ein komme dit? Dei må gjere prioriteringar når det gjeld tid og investeringar.

3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

Gjelsvik barnehage er ein to avdelingsbarnehage i Askvoll Kommune. No i haust har vi 5 barn på småbarnsavdelinga og 11 på storbarnsavdelinga. Barnehagen har to fagarbeidrar og to pedagogiske leiarar i tillegg til styrar som har 60 % som styrarfunksjon og dei resterande 40 % som pedagogisk leiar på avdeling.

Barnehagen har ikkje hatt målretta fokus på IKT, men meir tilfeldig praksis der barna har høyrt på musikk / lydbok på telefon, kobla til høgtalar og vore med personale å kopiere.

I samband med at ein av pedagogane starta på utdanninga språkutvikling i barnehage førre barnehageår hadde ho eit FOU arbeid med tema korleis nytte digitale verktøy til språkstimulering i barnehagen. Dette arbeidet var både spennande og nytt for barn og personale, og vi fekk kjennskap til relevant teori og forsking i feltet. Dette gav oss ein ny arbeidsmåte inn mot språk, tekst og kommunikasjon. Barna fekk mellom anna prøve seg på fotografering og bruke teikneprogram på IPAD. Dokumentasjon og barneintervju var positivt og syntet at det var stort potensiale for vidare arbeid inn mot fagområda. I samtale med barna var vi undrande og stilte opne spørsmål, barns medverknad og kreativitet vart vektlagt. Dette ville vi vidareføre i det pedagogiske arbeidet.

At kommunaleiinga satsa på IKT i barnehagen har vore eit viktig poeng for oss då det og er eit økonomisk spørsmål. Avdelingane fekk kvar sin IPAD og vi kunne gå til innkjøp av digitale mikroskop og skrivar. Personale har vore flinke til å lære opp kvarandre i bruken av verktøy og ein ynskjer å sikre at det digitale utstyret vert nytta i vidare arbeid. Barnehagen ynskjer på sikt å gjere fleire investeringar. Når vi skulle lage overskrifta til satsingsområdet hadde vi gode drøftingar og felles refleksjon i høve fleire omgrep før personalgruppa landa på «Digital praksis» og vi er på veg til å bli meir målretta.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehagevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen med å vurdera og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen for å observera og snakka med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velja område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehageeigaren og regionen.

Meir om ekstern barnehagevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#).

5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar.

Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Tema: Digital praksis

Gjelsvik Barnehage 2021

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Barna Den digitale praksisen i barnehagen bidreg til at barna får oppleve og erfare samhald, leik, kreativitet og læring	<ul style="list-style-type: none">• Barna får tilgang til relevant og tilfredstillande digitale verktøy• Barna nyttar digitale verktøy til å uttrykke seg kreativt• Barna får oppleve glede og meistring i leik og læring med digitale verktøy• Barna får støtte og rettleiing i bruk av digitale verktøy
Tilsette Dei tilsette utviklar og nyttar digital kompetanse i arbeidet med barns leik, læring og utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Tilsette har god kjennskap til, og er trygge på bruk av digitale verktøy• Tilsette bidreg til at barna utviklar digital dømmekraft• Tilsette varetak barna sitt personvern• Tilsette deltek aktivt i arbeidet med barnehagen sin IKT-plan
Føresette Barnehagen samarbeidar nært og i forståing med heimen og får informasjon om utviklingsområdet .	<ul style="list-style-type: none">• Den digitale kommunikasjonen mellom barnehage og føresette er sikker og funksjonell• Føresette kjem med innspel til barnehagen sitt digitale innhald og arbeidsmåtar• Refleksjon kring digitale verktøy er fokus på foreldremøte

<p>Barnehagen</p> <p>Barnehagen er ein lærande organisasjon</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen har sett av tid til refleksjon rundt eigen og felles digital praksis • Det er lagt til rette for erfaringsutveksling og opplæring i personalet innan digital praksis • Barnehagen har vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis • Barnehagen har ein overordna ikt- plan
---	--

6. Vurderingar

Kvalitetsmål: Barna

Den digitale praksisen i barnehagen bidreg til at barna får oppleve og erfare samhald, leik, kreativitet og læring

1. Barna får tilgang til relevant og tilfredstillande digitale verktøy

God praksis:

Barna i Gjelsvik barnehage har tilgang på nettbrett, mobil med kamera, høgtalar og digitalt mikroskop. Dei har også tilgang til skrivar og lamineringsmaskin. Utstyret nyttar dei saman med dei vaksne. Vi har sett fleire eksempler på biletar som er printa ut som barna enten har limt på ark eller bileta har blitt laminert, med utfyllande tekst. Ved filmframvisning nyttar barnehagen ein prosjektor dei fekk låne av skulen og eit laken på veggen.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen kan med fordel ha digitale verktøy liggande tilgjengeleg slik at barna kan nytte utstyret nokså fritt. Dei tilsette seier at det er tungvint å måtte finne fram og rigge opp prosjektor for å t.d. vise film. Barnehagen kan investere i ei smartboard tavle (eller samme utstyr som skulen har) slik at barna vert kjent med dei digitale verktøy dei skal møte ved overgang til skulen.

Dette kjem fram i observasjonar, månadsbrev (Forut), årsplan, intervju med barn, tilsette og styrar.

2. Barna nyttar digitale verktøy til å uttrykke seg kreativt

God praksis:

Barna fortel i intervju og i frileik at dei blant anna liker og leike med lego og perle. I begge desse aktivitetane ser vi tilsatte som er nære barna og støtter barna sin kreativiteten ved bruk av digitale hjelpemiddel som t.d. mønster på nettbrett og bilet til inspirasjon ved legobygging.

Ved bruk av digitalt mikroskop ser vi ein spennande og utviklende kreativitet som kjem til uttrykk i intervju med barna, det same når dei nytta mikroskopet. Barna viser nysjerrighet og interesse for å fortelle om kva dei har sett ved overføring fra mikroskop til nettbrett.

Praksis som kan bli betre

Ved at barna får tilgang til eigne digitale verktøy som dei kan nytte nokså fritt, kan barna verte meir spontane i korleis dei uttrykker seg kreativt.

Dette kjem fram i observasjoner og intervju med barn og tilsette.

3. Barna får oppleve glede og meistring i leik og læring med digitale verktøy

God praksis:

Barna i Gjelsvik barnehage opplever glede ved bruk av digitale verktøy i ulike situasjoner. Ved kviling fekk barna lytte til lydbok ved bruk av mobiltelefon. Når barna hadde leik på avdelinga satt dei tilsette på høgtalar med roleg bakgrunnsmusikk. Vi observerte at barna som perla etter mønster fra nettbrett og bygde bil etter bilde på nettbrett både opplevde glede og meistring utifra støtta fra digitale verktøy.

Praksis som kan bli betre :

Når barna får tilgang til eigne digitale verktøy, kan dei ved friare bruk oppleve meir glede og meistring ved å nytte det tilgjengelege utstyret i leik og læring.

Dette kjem fram i observasjonar.

4. Barna får støtte og rettleiing i bruk av digitale verktøy

God praksis

Vi ser at dei tilsette tar fram og syner barna dei ulike digitale verktøya. Dei tilsette syner barna kor ein kan søke etter sangar, mønster o.l. på nettet. Vi ser at dei tilsette er nær barna når dei nytta digitale verktøy. På oppslag rundt på avdelinga ser vi at barna har nytta kamera og tatt bilete av det dei sjølv ynskjer og ta bilet av. Barna fortel også at dei har tatt bilde av akkurat det dei ville ta bilde av. Barna sjølv uttrykker at dei ikkje treng støtte fra dei tilsatte og at dei berre kan finne ut av det sjølv. Vi observerte at dei tilsette spurte barna om det var greit at barna vart tatt bilet av.

Praksis som kan bli betre :

Dei tilsette kan verte tryggare i bruken av digitale verktøy slik at barna også kan få lære seg meir korleis dei kan prøve sjølv og dei vaksne kan vere der som støttande stillas.

Dette kjem fram gjennom observasjonar og i intervju med tilsette og barna.

Kvalitetsmål: Tilsette

Dei tilsette utviklar og nyttar digital kompetanse i arbeidet med barns leik, læring og utvikling

1. Tilsette har god kjennskap til, og er trygge på bruk av digitale verktøy

God praksis:

Dei tilsette brukar dei tilgjengelege digitale verktøya og verkar trygge i bruken av dei, sjølv om dei seier at dei er i startgropa og kan verte flinkare. Nettbrett er i dagleg bruk og vert brukt til å søke på bilet, filmar og musikk i arbeidet med barna. Dei brukar digitale mikroskop, pc, prosjektor, skrivar, kopimaskin og lamineringsmaskiner.

Praksis som kan bli betre;

Dei tilsette søker kunnskap, og ynskjer sjølve å verte tryggare i bruken av dei digitale verktøya dei har tilgjengeleg. Dei treng å verte tryggare i bruken av dei digitale verktøya, og kunne utnytte potensialet i det dei har. Barnehagen har starta opp med å bruke barnehage-appen Visma flyt barnehage, og kan verte endå tryggare på å nytte dei ulike funksjonane i denne. Dei tilsette melder at dei ikkje har fått mykje opplæring, og at den opplæringa dei har fått er uformell og er basert på erfaringsdeling mellom dei tilsette.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette.

2. Tilsette bidreg til at barna utviklar digital dømmekraft

God praksis:

Dei tilsette snakkar med barna om at dei skal spørre før dei tek bilde av andre barn, og at det ikkje er alt dei finn på Internett som passar for barn. Dei vaksne ser gjennom videoar før dei viser det til barna og er med barna når dei søker på bilder og videoar på Internett.

Praksis som kan bli betre

Når vi spør barna om det er reglar for bruk av digitale verktøy, fortel dei at det er ikkje lov til å springe med mikroskop eller nettbrett, ein må bere det forsiktig. Og at det er viktig å dele. Men dei fortel oss ikkje om det er reglar for bildetaking eller kva dei kan sjå på Internett. Det kan vere fornuftig å lage nokre reglar for bruk av dei digitale verktøya saman med barna.
Dette kjem fram i observasjon og samtale med barn og tilsette.

3. Tilsette varetek barna sitt personvern

God praksis:

Dei tilsette er merksame på at dei ikkje skal vise bilder av barn sine ansikt når dei t.d. legg ut bilder på Facebooksida til Gjelsvik barnehage. Barnehagen har samtykkeskjema til foreldra for bruk av bilder i barnehagen.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette verkar å ikkje vere heilt trygge på kva som er greitt og ikkje når det gjeld bildedeling. Dei er opptekne av at det som vert delt digitalt skal vere anonymisert så langt det let seg gjere, men kva med bilder som heng i barnehagen? Til dømes hadde barnehagen bilder av barna hengande i vindaugelet som foreldre og andre kunne sjå når dei kom til barnehagen. Det er også ei deling av biletar, sjølv om det ikkje er gjort digitalt. Dei tilsette har ikkje gjennomført e-læringskurs i GDPR.

Dette kjem fram i observasjon og samtale med barn og tilsette.

4. Tilsette deltek aktivt i arbeidet med barnehagen sin IKT-plan

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen har ikkje starta arbeidet med å lage ein IKT-plan, men målet er at dei skal få sett i gang med dette arbeidet no. Sitat tilsetteintervju: "*Det brukar å vere slik her på huset at alle får vere med. Vi får nok komme med innspel.*" og "*Alle skal vere med og bidra, men eg kan ikkje seie på kva måte*". Barnehagen har tilsette som har evne og vilje til å utvikle seg innanfor digital praksis, og som kan og vil delta i arbeidet med å utvikle ein IKT-plan.

Dette kjem fram i observasjon, dokumentanalyse og samtale med tilsette og leiar.

Kvalitetsmål: Føresette

Barnehagen samarbeidar nært og i forståing med heimen og får informasjon om utviklingsområdet .

1. Den digitale kommunikasjonen mellom barnehage og føresette er sikker og funksjonell

God praksis:

Gjelsvik barnehage har mange ulike kanalar for digital kommunikasjon. Både føresette og tilsette fortel at dei brukar SMS/telefon, Messenger, e-post, Facebook og appen Visma flyt barnehage. Dei føresette opplever at den digitale kommunikasjonen i stor eller ganske stor grad er sikker og funksjonell.

Praksis som kan bli betre:

Med så mange ulike kanalar for kommunikasjon, kan det verte mykje å halde styr på. Etterkvart som både tilsette og føresette vert tryggare i bruken av Visma flyt barnehage, vil det nok vere føremålstenleg å halde seg til ein kanal for kommunikasjon og utveksling av informasjon. Dei tilsette seier at dei kunne ønskt seg meir opplæring i bruk av dei ulike funksjonane i Visma.

Dette kjem fram i observasjon, dokumentanalyse, samtale med tilsette og spørjeundersøking til føresette.

2. Føresette kjem med innspel til barnehagen sitt digitale innhald og arbeidsmåtar

Praksis som kan bli betre:

Både tilsette og foreldre melder at føresette i liten grad kjem med innspel til barnehagen sitt digitale innhald og arbeidsmåtar. Vi veit ikkje om dette handlar om at dei føresette ikkje har vorte inviterte til å komme med innspel, eller om det er slik at føresette ikkje har innspel å komme med.

Dette kjem fram i samtale med leiar, tilsette og spørjeundersøking til føresette.

3. Refleksjon kring digitale verktøy er fokus på foreldremøte

God praksis:

Barnehagen har nettopp heldt foreldremøtet der digital praksis var tema, og dei føresette melder i spørjeundersøking at refleksjon kring digitale verktøy i stor eller ganske stor grad er fokus på foreldremøter. Sidan barnehagen skal ha digital praksis som satsingsområde dei neste tre åra, vil nok dette vere tema på fleire møter.

Dette kjem fram i samtale med leiar, tilsette, dokumentanalyse og spørjeundersøking til føresette.

Kvalitetsmål: Barnehagen

Barnehagen er ein lærande organisasjon

- 1. Barnehagen har sett av tid til refleksjon rundt eigen og felles digital praksis**
- 2. Det er lagt til rette for erfaringsutveksling og opplæring i personalet innan digital praksis**

God praksis:

Barnehagen er i startgropa på korleis dei skal arbeide med digitale verktøy og skal ha dette som satsingsområde dei neste tre åra. Det er satt av tid i forkant av ekstern vurdering, samt i samband med vidareutdanning blant tilsette til og sette fokus på utviklingsområdet.

Praksis som kan bli betre

Barnehagen kan med fordel drøfte kva dei legg i begrepet digitale verktøy og kva digitale verktøy barna i Gjelsvik skal møte. Dei tilsette seier at dei ikkje har fått mykje opplæring, og at den opplæringa dei har fått er uformell og er basert på erfaringsdeling mellom dei tilsette.

Dette kjem fram i årsplan og intervju med tilsette.

- 3. Barnehagen har vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis**

God praksis:

Vi observerer tilsatte som nyttar og som har evne og vilje til å utvikle den digitale praksisen til barnehagen. Gjennom intervju med dei tilsette og styrar gjev dei også uttrykk for at dei ønsker og har evner til å utvikle sin og barnehagen sin digitale praksis.

Teknologien utviklar seg fort, ved investeringar bør kommunen prioritere framtidssretta utstyr/teknologi.

Dette kjem fram i observasjonar, intervju med tilsette og leiing.

- 4. Barnehagen har ein overordna ikt- plan**

Praksis som kan bli betre

Kommunen kan med fordel utarbeide ein overordna IKT plan - der barnehagen sine tilsette kan bidra med innspel. I årsplanen til barnehagen kan dei tilsette sjå på korleis det kan komme tydelegare fram korleis digital praksis vert fletta inn i ulike fagområde og korleis ein arbeider med digital praksis med dei ulike årstrinna.

Dette kjem fram i intervju med dei tilsette og dokumentanalyse.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Barna	Korleis kan ein legge til rette slik at barna kan få uttrykke seg kreativt og oppleve glede og meistring? Dagens fotograf? Meir tilgjengelege digitale verktøy? Appar for koding/programmering? Korleis gi barna opplæring i nettvert?
Tilsette	Studietur til Bjordal barnehage Avklare omgrep og finne ut kva det betyr for Gjelsvik bhg
Føresette	Refleksjon med foreldre om digital praksis og bruk av digitale verktøy. Korleis invitere og engasjere foreldre til å komme med innspel? Kva kanalar for kommunikasjon skal ein bruke? Korleis få synleggjere kvardagen i barnehagen via digitale verktøy ? Digitale fotorammer ?
Barnehagen	Vurdere kva digitale verktøy ein vil satse på Utarbeide IKT plan - kva skal den innehalde ? Skal den vere lokal eller kommunal ? Kva seier rammeplan og lovverk ifh til utviklingsområdet ? Progresjonsplan? Korleis kan dei tilsette få opplæring i GDPR ?

8. Vidare arbeid

Innan to veker etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato: Askvoll 27.10.21

Torunn Åsnes
Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Siv Anita H. Gudvangen
Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakrarar i vurderinga

Interne: Barn, tilsette og føresette
Eksterne: Vurderarar frå vurderarnettverket i HAFS Torunn Åsnes og Siv Anita H. Gudvangen.

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og underveis førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Vewe	Tiltak	Ansvar
25	Opsprtartsmøte med barnehagen og utviklingsrettleiar. Vurderande vert kobla på.	Gørild Fristad
36	Barnehagen sender utkast/start framtidsbilete	Styrar
37	Vurderarane gjev tilbakemelding på utkast framtidsbiletet	Vurderarar Torunn og Siv Anita
40	Vurderarane møter barnehagen - personalmøte 5 oktober Arbeid med framtidsbilete Styrar sender relevante dokument til vurderarar	Styrar og vurderarar
41	Barnehagen godkjenner framtidsbilete Barnehagen inviterer tilsette, foreldreutval/samarbeidsutvalg og	Styrar

	kommunalsjef til presentasjon av rapport siste vurderingsdag	
42	<p>Vurderarane sender over digitalt spørjeskjema til foreldre.</p> <p>Barnehagen sender ut spørjeskjema digitalt til foreldre.</p> <p>Vurderane utarbeider samtaleguide med grunnlag i framtidsbilete.</p> <p>Styrar sender desse tekstane til vurderane (skal limast inn i rapporten)</p> <ul style="list-style-type: none"> - presentasjon av barnehagen - bakgrunn for val av vurderingstema <p>Styrar lagar plan for intervju med tilsette og barn</p>	Vurderarar Styrar
43	Vurderingsveka mandag til onsdag	Vurderarar

Tidsplan vurderingsveka :

Mandag:	Samtale med leiar om organisering og praktisk gjennomføring av vurderingsveka Observasjonar i barnegruppene Samtalar med dei tilsette Spørjeskjema til foreldra
Tirsdag:	Observasjonar i barnegruppene Samtalar med barna Observasjonar i barnegruppene Samtale med leiar Skrive rapport frå ca 15
Onsdag:	08.00-14.30 Skrive rapport 14.00 Sende rapport på e-post til leiar for gjennomlesing 14.30-15.15. Samtale med leiar om rapporten 16.45 - presentasjon av rapport for alle tilsette, foreldrerådsleiarl og eigarrepresentant

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Spørjeskjema til foreldre

Observasjon

Samtale med tilsette og barn

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å speglar utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for tilsette
Samtaleguide for barn
Samtaleguide for leiinga (styrar)
Spørjeskjema til foreldra
Observasjonsskjema

Samtaleguide for tilsette, Gjelsvik barnehage

Kvalitetsmål : Dei tilsette utviklar og nyttar digital kompetanse i arbeidet med barns leik, læring og utvikling

1. *har barna tilgang til relevante og tilfredsstillande digitale verktøy?*
2. *Kva legg du i omgropa relevante og tilfredsstillande digitale verktøy?*
3. *Korleis nyttar barna digitale verktøy til å uttrykke seg kreativt?*
4. *Kva oppleving vil du seie at barna får i leik og læring med digitale verktøy?*
5. *Korleis får barna støtte og rettleiing i bruk av digitale verktøy?*

Kvalitetsmål : Dei tilsette utviklar og nyttar digital kompetanse i arbeidet med barns leik, læring og utvikling

6. *Har de tilsette tilgang til relevante og tilfredsstillande digitale verktøy?*
7. *Kjenner du at du kan nytte verktøya på ein god måte?*
8. *Får du den opplæringa du treng for å kunne nytte verktøya de har på ein god måte?*
9. *Korleis støttar du barna i å utvikle digital dømmekraft?*
10. *Korleis ivaretak du barna sitt personvern?*
11. *I kva grad deltek du i arbeidet med å utvikle ein IKT-plan for barnehagen?*

Kvalitetsmål : Barnehagen samarbeider nært og i forståing med heimen og får informasjon om utviklingsområdet .

12. *Korleis føregår den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehage?*

13. I kva grad vil du seie at den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehage er sikker og funksjonell?
14. Korleis vert føresette inviterte til å komme med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?
15. I kva grad kjem føresette med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?
16. I kva grad er refleksjon kring bruk av digitale verktøy fokus på foreldremøter?

Kvalitetsmål: Barnehagen er ein lærande organisasjon

17. Er det sett av nok tid til refleksjon kring eigen og felles digital praksis?
18. I kva grad legg leiinga til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet innan utviklingsområdet?
19. I kva grad har barnehagen vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis?
20. I kva grad har du vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis?
21. I kva grad er ein overordna plan for IKT tema for utvikling?

Samtaleguide for barn, Gjelsvik barnehage

1. Kva likar du alle best å gjere på i barnehagen?
2. Kva har du lyst til å gjere meir av i barnehagen?
3. Lagar du noko i barnehagen? Kva brukar du då? (tenker generelt, men litt for å sjekke om dei kjem innom bruk av verktøy sjølv.)
4. Veit du kva Ipad/nettbrett er? Kamera? PC? Skrivar? Kopimaskin? Mobil? Tavle? TV? Mikroskop? (andre ting vi bør ta med?)
5. Har de Ipad/nettbrett, kamera, kopimaskin, skrivar eller PC som de kan leike med i barnehagen?
6. Kva gjer du når du brukar XX osv?
7. Kva kan du bruke XX til?
8. Kor brukar de XX osv? Inne? Ute?
9. Har du laga noko med XX?
10. Har du lært noko av å bruke XX ?
11. Har de reglar for Ipad/nettbrett osv? Er det noko de ikkje får lov til å gjere?
12. Hjelper dei vaksne deg når du brukar Ipad/nettbrett osv?

Samtaleguide for leiinga (styrar), Gjelsvik barnehage

Kvalitetsmål : Dei tilsette utviklar og nyttar digital kompetanse i arbeidet med barns leik, læring og utvikling

1. har barna tilgang til relevante og tilfredsstillande digitale verktøy?
2. Kva legg du i omgrepa relevante og tilfredsstillande digitale verktøy?
3. Korleis nyttar barna digitale verktøy til å uttrykke seg kreativt?
4. Kva oppleveling vil du seie at barna får i leik og læring med digitale verktøy?
5. Korleis får barna støtte og rettleiing i bruk av digitale verktøy?

Kvalitetsmål : Dei tilsette utviklar og nyttar digital kompetanse i arbeidet med barns leik, læring og utvikling

6. *Har dei tilsett tilgang til relevante og tilfredsstillende digitale verktøy?*
7. *Kjenner du at du kan nytte verktøya på ein god måte?*
8. *Får du den opplæringa du treng for å kunne nytte verktøya de har på ein god måte?*
9. *Korleis støttar du barna i å utvikle digital dømmekraft?*
10. *Korleis varetek du barna sitt personvern? GDPR*
11. *korleis skal plan for IKT utarbeidast, og kven skal den vere for?*

Kvalitetsmål : Barnehagen samarbeider nært og i forståing med heimen og får informasjon om utviklingsområdet .

12. *Korleis føregår den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehage?*
13. *I kva grad vil du seie at den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehage er sikker og funksjonell?*
14. *Korleis vert føresette inviterte til å komme med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?*
15. *I kva grad kjem føresette med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?*
16. *I kva grad er refleksjon kring bruk av digitale verktøy fokus på foreldremøter?*

Kvalitetsmål: Barnehagen er ein lærande organisasjon

17. *Er det sett av nok tid til refleksjon kring eigen og felles digital praksis?*
18. *I kva grad legg leiinga til rette for erfarringsutveksling og opplæring av personalet innan utviklingsområdet?*
19. *I kva grad har barnehagen vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis?*
20. *I kva grad har du vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis?*
21. *I kva grad er ein overordna plan for IKT tema for utvikling?*
22. *I kva grad satsar kommunen på digital praksis ?*

Spørjeskjema til foreldre i samband med ekstern vurdering

I samband med den eksterne vurderinga i Gjelsvik barnehage ønsker vi, vurderarane, å få tilbakemeldingar frå så mange foreldre/føresette som mogleg. Vi har tatt utgangspunkt i framtidsbiletet når vi har laga spørsmåla, og særleg med tanke på kvalitetsmålet som seier at barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gje barna felles verdiar og normer. Spørjeundersøkinga er anonym.

Svarfrist er sett til 25.10.21.

1. *Korleis føregår den digitale kommunikasjonen mellom heim og barnehage? **

Telefon

SMS

E-post

Messenger

Facebook

Barnehage-app

Andre:

2. Kva legg du/de i at digital kommunikasjon skal vere sikker?
3. Kva legg du/de i at digital kommunikasjon skal vere funksjonell?
4. I kva grad opplever du/de at den digitale kommunikasjonen mellom heim og barnehage er sikker? *

I stor grad

I ganske stor grad

I middels grad

I liten grad

Veit ikkje

5. I kva grad opplever du/de at den digitale kommunikasjonen mellom heim og barnehage er funksjonell? *

I stor grad

I ganske stor grad

I middels grad

I liten grad

Veit ikkje

6. Korleis har de blitt invitert til å kome med innspel til innhald og arbeidsmåtar i barnehagen innanfor tema IKT?
7. I kva grad kjem føresette med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet? *

I stor grad

I middels grad

I liten grad

Veit ikkje

8. Kan du/de gje døme på innspel foreldra har komme med?
9. I kva grad er refleksjon kring bruk av digitale verktøy fokus på foreldremøter? *

I stor grad

I middels grad

I liten grad

Veit ikkje

10. Kva for tema innanfor IKT har vore tema på foreldremøte i barnehagen?

Vi takkar for at du tek deg tid til å svare på desse spørsmåla.

Observasjonsskjema

<i>Barna får tilgang til relevant og tilfredstillande digitale verktøy</i>	<i>Barna nyttar digitale verktøy til å uttrykke seg kreativt</i>
<i>Barna får oppleve glede og meistring i leik og læring med digitale verktøy</i>	<i>Barna får støtte og rettleiing i bruk av digitale verktøy</i>
<i>Tilsette har god kjennskap til, og er trygge på bruk av digitale verktøy</i>	<i>Tilsette bidreg til at barna utvikla digital dømmekraft</i>
<i>Tilsette varetar barna sitt personvern</i>	<i>Tilsette deltek aktivt i arbeidet med barnehagen sin IKT-plan</i>
<i>Den digitale kommunikasjonen mellom barnehage og føresette er sikker og funksjonell</i>	<i>Føresette kjem med innspel til barnehagen sitt digitale innhald og arbeidsmåtar</i>
<i>Refleksjon kring digitale verktøy er fokus på foreldremøte</i>	<i>Barnehagen har sett av tid til refleksjon rundt eigen og felles digital praksis</i>

<i>Det er lagt til rette for erfaringsutveksling og opplæring i personalet innan digital praksis</i>	<i>Barnehagen har vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis</i>
<i>Barnehagen har ein overordna ikt- plan</i>	